

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet  
Kirkeavdelingen  
Postboks 8004 Dep  
0030 OSLO

Balestrand 14.09.2010

Vår sakshandsamar: JR

Vår ref.: 10/00046-004

Arkivkode: 501

## **Endringar i gravferdslova - høyringsfråsegn frå Balestrand sokneråd**

Balestrand sokneråd er sokneråd i ein eittsoknskommune og har dermed fellesrådsfunksjon.

I høyringsnotatet til endringar i gravferdslova vert det hovudsakleg peika på nye utfordringar ein står ovafor med grupper som høyrer til andre religionar og livssyn enn den kristne. Balestrand sokneråd står etter soknerådsmøtet 8.september 2010 samla bak denne høyringsfråsegna som gjeld framlegga til endringar i gravferdslova. (Sak 026/10)

### ***Nedvurdering av den kristne kulturarven***

Balestrand sokneråd meiner at høyringsnotatet generelt er prega av ei tenking som nedvurderer vår kristne terminologi og arv i møte med andre tankesystem. Det verkar som om departementet meiner at bruk av mest mogeleg "nøytrale omgrep" vil skapa ro om saka. Dette er Balestrand sokneråd ueinige med. I møte med andre religionar, er det viktig at majoriteten i samfunnet også har aksepterte referansepunkt og rådet vurderer det ikkje som sjølvsagt at vi treng forlate vår eigen arv i møte med det nye.

### **Går i mot at omgrepet kyrkjegard vert erstatta av gravlund**

I notatet er det ikkje godt gjort at dei som tilhøyrer andre religionar reagerer negativt på omgrep som til dømes kyrkjegard. Kyrkjegard er eit innarbeidd omgrep – kulturen vår blir fattigare om dette omgrepet går ut av bruk. Omgrepet "gravlund" er dessutan svært framandt i det vestnorske språket. Soknerådet synest det er uheldig å innarbeide eit nytt omgrep som berre vert brukt i delar av landet og ville då føretrekke ordet gravplass.

### ***§1 – Tilpassingar og meirkostnader***

Forslaget til nytt førsteledd i § 1 kan fort føra til meirarbeid og meirkostnader. Balestrand sokneråd ynskjer som offentleg organ å kome alle trus- og livssynsamfunn i møte, men dersom det vert innarbeidd lovfesta særrettar t.d. når det gjeld tidspunkt for gravferd er det viktig at meirkostnader også vert kompensert gjennom øyremerka løyvingar.

Balestrand sokneråd støttar også KA når dei kommenterer at lovteksten berre nemner ynske om tilpassing som er religiøst grunngjeve. Dei peikar på noko vi som kyrkjegardsstyresmakt allereie har erfart – tendensen i samfunnet til eit generelt ynske om individuell tilpassing og at lova burde ta høgde for korleis ein møter slike ynske.

## **Erstatting av vigsling med ulike seremoniar – assymetrisk argumentasjon**

I notatet finn ein også klare døme på assymetrisk argumentasjon, sjå s. 16. Der blir det hevda at kristne ("fra kirkens synspunkt" er formuleringa som er nytta) ikkje opplever det som problematisk at det på ein vigsla kyrkjegard går føre seg gravferder etter andre religionars skikk. Derimot blir det hevda at for dei som tilhøyrrer andre religionar eller livssyn, kan det vera støytande å bli gravlagt på ein vigsla kyrkjegard. Dette argumentet kan me vanskeleg sjå legg nok vekt på vår eigen kulturarv. Det blir heller ikkje godtgjort at dei som tilhøyrrer andre religionar blir støytt, det er dei som står bak framlegget til ny lovtekst som antek at det er slik.

Forslaget til ny § 5 medfører at berre eit tru- eller livssynssamfunn har verksemd på ein stad, så har det automatisk rett til eiga vigsling (kalla seremoni i forslaget til lovstekst). Dette kan skapa uoversiktlege tilhøve, det kan fort bli så mangslunge at ein misser kjensla av respekt for staden.

Balestrand sokneråd meiner at omgrep som "forhåner", "krenkende" og "sårende" ikkje er eigna i ein lovtekst. Dette er ord det er vanskeleg å tolke og i staden for å argumentere sakleg kan ein berre peike på dei nemnde kodeorda for å få viljen sin i lovs form.

Balestrand sokneråd ynskjer å halde på den kyrkjelege vigslinga av kyrkjegardane, men vil opne for at andre trus- og livssynssamfunn etter søknad til overordna organ kan ha sine seremoniar på gravplassen.

## **Integrering eller eigne gravstader**

I samband med at den største minoritetsgruppa som kan ynskje tilpassingar i høve gravferd er muslimar, meiner Balestrand sokneråd at det kan vera ein tanke at det i størst mogeleg grad vert anlagt eigne regionale muslimske gravplassar. Ynsket om gravlegging i ein annan retning enn dei andre gravene kan lett føra til ein lite effektiv bruk at gravplassarealet dersom slike graver vert lagt innimellom graver med anna orientering.

## **Klage: Balestrand sokneråd er høyringsinstans, men har ikkje motteke høyringsbrev**

Balestrand sokneråd vil med dette klage på at rådet som høyringsinstans ikkje fekk tilsendt høyringsbrevet med høyringsnotat. Balestrand sokneråd fekk informasjon om at rådet var høyringsinstans ved ein tilfeldig samtale med ein tilsett i eit anna sokn og måtte sjølv skaffe seg tilgang til høyringspapira og rakk så vidt å gje fråsegn innan fristen.

Rådet sit også med informasjon om at det er fleire høyringsinstansar som ikkje har fått høve til å gje fråsegn. Gjennom ein e-post til alle kyrkjevevjer i Bjørgvin er det førebels avdekka minst 5 kommunar som ikkje finn å ha motteke høyringsbrevet, med eitt unntak er dette sokneråd i eittsoknskommunar.

for Balestrand sokneråd

Jostein Risa  
kyrkjevevjerje / dagleg leiar